



## **Referat frå Storfeprosjektmøtet i Luster kommunestyresal 14. november 2016.**

Møtestart: 19:30, det var 35 frammøtte

Ordførar Ivar Kvalen yngste velkommen, og orienterte om korleis prosessen for å få til eit storfeprosjekt i Luster hadde vore. Han la stor vekt på at kommunen ynskjer at det skal vera ei framtid for denne næringa, og at det er eit stort ynskje at den negative trenden når det gjeld storfeproduksjon skal snu. Ivar Kvarlen formidla tydelig at kommunen yngste innspel frå næringa på kva dei som kommunen kan gjera, og kva dei som er i næringa kan gjera, for å vera med å påverka at denne negative trenden i Storfenæringa snur.

Distriktssjef i TINE Sogn og Fjordane, Kjersti Sognnes orienterte om at styringsgruppa består av: Steinulf Skjerdal, jordbrukssjef i Luster kommune, Tomas Kjølraug, leiar i TINE Luster produsentlag og Kjersti Sognnes, distriktssjef TINE Rådgiving, og leiar i styringsgruppa. Ho fortalde litt om korleis utviklinga i storfeproduksjonen i Luster hadde vore dei siste åra, og oppmoda sterkt til å ta eit bevist val om korleis du vil at garden din skal utviklast. Ho snakka og litt om kva prosjektet kunne innehalda av aktivitet. Midlane i prosjektet vert tilgjengelig for kvar enkelt bonde ved at kommunen yter tilskot til vegvalsrådgjeving og driftsplanlegging (100%) etter same mal som for bygningsplanlegging (75%), det er ikkje ein føresetnad at det er TINE som har utført denne rådgjevinga.

Deretter overtok bonde Steinar Schanke. Han tok eit bevist val om å verta heiltidsbonde då han tok over familiegarden på Indre Hafslo for 20 år sidan. Etter 15 år som elektrikar var han lei av å sitja i kø i byn, og han yngste seg ein kvardag han kunne styra sjølv. Han delte sine erfaringar om å driva eit kombinasjonsbruk med mjølkeproduksjon og ammeku. I tillegg har han oppnådd veldig gode resultat når det gjeld avlsarbeid, og to av dei fire norske eliteoksane i semin katalogen no, er Steinar oppdrettar av. Og i 2016 fekk han Nortura Biff Natur sin pris for beste kjøttfeokse i 2016. Steinar framheva at kombinasjonsbruk er mindre sårbare for endringar i rammevilkåra, gjev meir variert arbeid, utnyttar gras og beiteresursar best, gjer det lettare å oppfylla dyra, myndigheitene og forbrukarane sine krav til beitetid og det gjev rett og slett større trivsel for folk og dyr.

Bjørn Rørtveit frå Stryn hadde og teke eit bevist val for framtida, og har bygd om den eksisterande båsfjøsen sin til lausdrift med robotmjølkning. Han viste mykje bilete frå ombyggings prosessen og fortalde om viktige ting å tenkja på ved ombygging. Dei hadde lagt vekt på gjenvinning av materiale, alt frå tak plater til slangar som vart brukt i høve drikkeniplane. Han var til dømes innom gangbredder og mål på trapper som dei fekk kyrne til å gå i inn og ut av luftegarden, hol i innreiing for folk og praktiske løysingar på korleis kraftforet kom inn i fjøsen. Mykje av utstyret i fjøsen var enten brukt, eller heimalaga. Bjørn sveiste mykje sjølv og sende det bort for galvanisering før han nytta det i fjøsen.

I pausen med matsservering vart det oppmoda til å diskutera med sidemannen/kvinna om kva ein yngste at prosjektet skulle innehalda. Det vart servert påsmurte rundstykker med te/kaffi attåt.

Jo Helge Sunde er leiar i Storfeprosjektet i Sogn og Fjordane. Han hadde eit innlegg om muligheitene som finns i storfeproduksjonen no, og viste fleire konkrete døme på bygningar som var planlagde og gjennomførte.

Lise Elvagjeng er den som kjem til å gjera det praktiske arbeidet i dette prosjektet. Ho avrunda møtet med å presentera seg sjølv og oppmoda om å komma med innspel til kva dei frammøtte yngste at prosjektet skulle innehalda. Innspela som kom inn var: tilgang til areal, arealplanen til kommunen. Ombygging av (gamle) fjøsar til lausdrift, sjå i praksis, tur der ein ser på fleire gardar. Dei som ynskjer hjelp må ta kontakt. Unngå at kvotane fer ut av Luster, grendamøte har fokus på dette. Ammekufokus. Rekruttera folk som ikkje er bønder i dag. Modne folk i høve til å selja garden. Referat frå møtet, lenkje til heimesida til kommunen. Kan det vera aktuelt med ei eiga nettside for prosjektet?